

## KAPITTEL 8 – DENNIS

Det er siste time, og Dennis kjenner kor tung han er. I armane, hovudet, auga. Alt Tor seier, er som graut. Augelokka glir att. Han sov ikkje mykje i natt. Etter skulen skal han og pappa dra og hente mamma. Det er mange månader sidan han såg henne sist. Han har ikkje hatt noko lyst til å dra dit ho var. I fengsel. Endå pappa sa at det ikkje var som han trudde, det var fint å besøke henne der, ho ønskte seg besøk.

Men Dennis klarte ikkje. Han har ikkje sett mamma på fem månader. Det har vore pappa og han lenge no. Dei har klart seg heilt fint. Det er fint at soninga er over, men han gler seg ikkje til mamma kjem heim. Klarar det ikkje, og kjenner det gneg i magen – han veit jo at mamma gler seg og sikkert lurar på kvifor han ikkje har besøkt henne.

– Sjå! Julestemning! Bjørk roper ut, midt i Tors forklaring om atomkjernar. Han må sjå ut, og ja! Plutseleg er verda kvit. Eit kvitt dryss over alt det grå og brune der ute i skulegarden. Alt det triste og rotete er blitt reint og roleg. Snøen drysser sakte og pent utanfor. Det kjem jo til å bli jul.

Nugattiboksen hadde vore gåva i dag. Han hadde pakka inn i aluminiumsfolie, og Vega hadde blitt trekt. Ho hadde pakka ut boksen og gløtta bort på han.

– Er det deg?

Dennis hadde ikkje klart å seie noko, men han nikka. Det var jo inga stor og viktig hemmelegheit, akkurat. Han kjente ikkje Vega i det heile tatt, endå dei hadde gått i same klasse i mange år. Ho var ei av dei kule jentene, dei brydde seg aldri med sanne som han. Ho har mørkeblå, nesten grå auge, visste han no.

– Kult! sa ho. – Endeleg noko eg faktisk har lyst på. Eg elsker Nugatti.

Ingen lo av den rare og billege gåva.

Då er den hemmelegheita over, og dei er ein dag nærare jul. Og det er på tide å pakke saman for dagen snart. Han har gjort det allereie, har faktisk ikkje funne fram bøkene i det heile tatt denne timen. Godt å vere tidleg ute med noko for ein gongs skuld. Han berre ventar på at Tor skal seie frå, let blikket gli opp frå golvet, ut av vindauget, over klasserommet, folka.

Plutseleg forstår han kven lappen eigentleg er til. Bjørk streifar han med store, brune auge. Ho har så mykje anna som tiltrekker seg merksemd, det er svarte klede og fargerike neglar og håret som no er rosa. Men dei store, brune auga, som både kan gneistre og vere heilt rolege og nesten svarte, kvifor har han ikkje sett dei før?

Det er dei penaste auga i klassen.